

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.02.2015

Vedtak

RS 13/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 – pr januar: Ungdommens fylkesutval vedtek å be om ein orientering frå fagavdelingane om desse sakane:

Økonomiavdelinga

- Nye Voss gymnas - forprosjekt

Opplæringsavdelinga

- Skulebygg som pedagogisk arkitektur
- Oppfølging Skulebruksplanen
- Lærlingplan og lærlingprognose

Samferdselsavdelinga

- Kollektivmeldinga
- Bymiljøavtalar
- Nye takstsoner

Kultur- og idrettsavdelinga

- Kunst og kulturprogram i skulen
- Tilskot til tiltak for barn og unge våren 2015
- Tilskot til kulturverntiltak
- Tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge
- Handlingsprogram til Regional kulturplan
- Tilskot til lokale friluftstiltak
- Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar
- Og andre tilskotsordningar som er aktuelle for målgruppa til Ungdommens fylkesutval

Administrasjonen skal sjå om det er mest hensiktsmessig å få orienteringane på Dialogdagen, oppdelt i dei ulike områda, eller om det bør vere ein orientering for heile utvalet på eit seinare tidspunkt. Nestleiar Gard Johanson møter på samferdselsutvalet 18. mars i samband med Kollektivmeldinga som da skal opp som sak.

RS 14/15 Invitasjon til Fylkesting for ungdom 2015: Ungdommens fylkesutval vedtek å sende to personar. Administrasjonen skal sjekke om det er mogleg å melde frå om namn etter helgemøtet 13.-15. mars.

RS 15/15 Offentleg høyring – Regional plan for areal og transport på Haugalandet: Ungdommens fylkesutval vedtek å sende ein førespurnad til Etne og Sveio om innspel. Ein uttale til planen vert utarbeida på helgemøtet 13.-15. mars, med utgangspunkt i særskilde kapittel som er aktuelle for målgruppa til utvalet.

RS 16/15 Melding om vedtak gjort i Hardanger Ungdomsråd 15.01.2015: Ungdommens fylkesutval vedtek å skrive ein uttale for å støtte meldinga frå Hardanger Ungdomsråd, samt å legge til dei aktuelle måla i Ungdommens planprogram. Anniken Strønen Riise, med hjelp av Vegard Kleppe, skriv eit utkast til ein uttale.